



Kystsogevøkene v/Lena Eikeland Kutchera

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1961 - 14/6514

Saksbehandlar:
Eirik Bouwer Utne
eirik.utne@meland.kommune.no

Dato:
30.04.2014

Søknad om tilskot til kystsogedagane i Meland

Kystsogedagane i Meland 2014 blir arrangert 30.-31. august på Holmeknappen. Det er som tidlegare kystsogedagkomiteen, leia av Åge Skjelvik, med utspring frå Ungdomslaget Von og i samarbeid med Meland kommune, som står for arrangementet. Arbeidet med programmet er godt i gang og vi ser fram mot nok eit flott arrangement.

Arrangementet har vore svært vellykka gjennom mange år, med stort oppmøte av innbyggjarar i alle aldrar. Kystsogedagane tek vare på og fører vidare den levande kystkulturarven vår, der og barn og nyinnflytta barnefamiliar kan føle seg velkomne. Meland er i landstoppen når det gjeld folkevekst, og det er sterkt ønskjeleg og positivt med tiltak som fremmar inkludering av nye innbyggjarar i kommunen sin kystidentitet.

Komiteen har søkt Meland kommune om tilskot til arrangementet, men vi ser at dei har behov for ytterlege midlar, særleg grunna den enda sterkare satsinga mot barnefamiliar og profesjonelle kulturinnslag rundt kystkultur og teater.

Vi søker med dette brev om kr 20 000 til Kystsogedagane på Holmeknappen i Meland.

Håper på positivt svar, dersom det er ønskjeleg med fleire opplysingar ta gjerne kontakt.

Med venleg helsing

Eirik Bouwer Utne
kulturkonsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Kystsogevokene v/Lena Eikeland
Kutchera